OLAV ROVDE

Bonde-, småbrukar- og arbeidarrørsla
- i konflikt og samarbeid

Gjennom mest heile 1900-talet har det eksistert eit spenningsforhold mellom bondeinteressene og arbeidarrørsla. Dei hadde ulike politiske og ideologiske utgangspunkt, og dei såg ulikt på korleis samfunnet skulle formast. Arbeidarrørsla har stått i brodden for utviklinga av det moderne industrisamfunnet i Norge, i konfrontasjon med dei som ville ta vare på Norge som eit bondesamfunn. Etter at industrialiseringslinja definitivt sigra, dreia spenningsforholdet seg mest om kva plass og posisjon bøndene og jordbruket skulle ha i dette samfunnet.

I store deler av denne lange perioden kan ein også snakke om eit «ikkje-forhold». Landmandsforbundet, og forgreininga til Bondelaget og Bondepartiet i 1922, var nokså einsidige talerøyr for landbruket, dei romma heilt fram til 1930-åra sterke antisosialistiske stemningar, men engasjerte seg elles lite når det galdt forholda for arbeidarklassen og industrisamfunnet. På den andre sida hadde Arbeidarpartiet i lang tid ingen klar politikk overfor bøndene og jordbruket. Den avgjerande endringa skjedde i 1930-åra, men i den nye arbeidarpartistaten etter 1945 vart landbruket ein underordna sektor i næringspolitikken. På den andre sida har det vore eit særtrekk ved den norske arbeidarrørsla, eit trekk ho har hatt til felles med særleg det danske og svenske sosialdemokratiet, at det vart skapt ein kraftfull allianse mellom by og land, mellom arbeidarbefolkninga i industrimiljøa og sosiale grupper knytte til landbruk (og fiske). Men dette var grupper som låg i skjeringspunktet mellom arbeidar- og bondeinteressene (eg ser her bort frå fisket). Alliansen kom i første rekkje til syne ved kommune- og stortingsvala og var bakgrunnen for den styrken partiet fekk i mellomkrigsåra. Samstundes vart det knytt organisatoriske band til desse gruppene på landsbygda. Direkte til landbruksarbeidarane gjennom fagrørsla, og indirekte til småbønder og deltidsbrukarar gjennom Norsk bonde- og småbrukarlag.

Organisasjonssamarbeidet mellom arbeidarørsla og småbrukarane kom i stand på eit tidspunkt då det var innleidd samarbeid mellom bonderørsla og arbeidarrørsla. Det «historiske kompromisset» ved kriseforliket i 1935 er kanskje det største vendepunktet når det gjeld forholdet mellom arbeidarrørsla og interessene innanfor landbruksnæringa. Det innleidde eit nytt tilhøve og

nye relasjonar, med trekk som kan førast fram til «den sosialdemokratiske orden» etter krigen.

I denne artikkelen skal eg teikne nokre linjer og sjå på ulike faser i relasjonane mellom bonde- og jordbruksinteressene og arbeidarrørsla. Utviklinga vil bli ført fram til ca. 1950, då dei sentrale prinsippa for etterkrigspolitikken var etablerte. Eg skal sjå på forholdet mest med utgangspunkt i «rørslene» i landbruket, men holdninger og handlingar her er sjølvsagt også avhengige av utviklinga i arbeidarrørsla. Der legg eg hovudvekta på Arbeidarpartiet. Av «landbruksrørsler» skil eg ut to, bonderørsla som sprang ut frå Norsk Landmandsforbund (1896), og småbrukarrørsla som vart organisert gjennom Småbrukarlaget (1913).[1] Den siste, som også var prega av landarbeidarinteresser, var frå starten nær knytt til Arbeidardemokratane. Det var eit parti rekruttert frå dei mest klassedelte bygdene på Austlandet, til dels også i Trøndelag. Det er også mulig å skilje ut ei særskild «samvirkerørsle». Ho vil dukke opp seinare i artikkelen, men det vil føre for langt her å følgje utviklinga av henne i denne samanhengen. Ho stod elles i eit tett forhold til bonderørsla.

Bønder, småbrukarar og sosialismen

Landmandsforbundet var i dei første åra dominert av interessene til dei større bøndene i flatbygdene. Den konstituerande saka ved organisasjonsskipinga i 1896 var kravet om toll på import av landbruksvarer, og elles gjekk forbundet inn for saker som kunne hjelpe fram den moderne bonden som no orienterte seg stadig sterkare mot pengeøkonomien og marknaden. Forbundet oppfatta seg likevel ikkje som eit einsidig talerør for bøndene. Det hadde samanheng med synet det hadde på bondesamfunnet. Tenestefolk, plassfolk, landbruksarbeidarar, småbrukarar og bønder hang alle saman i eit interessefelleskap. Alle utgjorde samla ein stand, og var ikkje skilde i ulike klasser og av ulike interesser. Det som var godt for bonden, var godt for alle.

Dette synet streid på fleire måtar mot den utviklinga som faktisk var i gang, og som i seg sjølv var bakgrunn for at forbundet vart oppretta. Det gamle paternalistiske bonde- og husmannssamfunnet var under oppløysing, og gav plass for meir lagdelte og motsetningsfylte bygdesamfunn. Når plassfolket vart borte, måtte dei erstattast av meir lausreipa og sjølvstendige arbeidarar. Mange av desse forsvant frå bygdene, til byane og dei nye industrisamfunna, og over havet til den nye verda. Men mange fekk også høve til å overta husmannsbruk og jordlappar og gjere dei til sjølveigarbruk, og kravet om å hjelpe småkårsfolket til ein jordveg auka rundt hundreårsskiftet.

Det var dette som var utgangspunktet for Arbeidardemokratane. Partiet stilte krav om betre arbeidsforhold for skog- og landbruksarbeidarar. Men det var jordspørsmålet som stod fremst. Gjennom ekspropriasjon og offentlege oppkjøp og støtte til nydyrking og bureising måtte stat og kommune stykke ut jord til jordlause. Landmandsforbundet, som mislikte sterkt at partiet splitta interessene i bondesamfunnet, valde å sjå på det som ein framstøyt for sosialismen. «Det er giftige Blomster fra de

store socialistiske Lande, der søges overført til vore Sprækker i Fjeldet», sa Johan Mellbye i ein kommentar til mobiliseringa av Arbeidarforeiningane i 1900.[2] *Landmandsposten* åtvara mot «Bysocialismens Indtrængen paa Landet» og mana til kamp: «Mellem Norges Bondestand og Socialisterne er der et svælgende Dyb, og ve de Gaardbrugere, som her svigter sin Stand og rækker sine Dødsfiender, Socialisterne, en hjælpende Haand».[3]



Johan Castberg (1863-1926) var en av de politikere som arbeidet for å bedre jordarbeidernes kår og ville reise en selveiende, økonomisk trygget småbrukerstand. Castberg ble første gang valgt inn på Stortinget i 1900, der han ble leder for en gruppe av det radikale venstre, senere organisert som Det radikale folkeparti eller Arbeiderdemokratene, som partiet kalte seg før 1921. Navnet ble valgt for å markere motsetningen til Arbeiderpartiet og sosialdemokratene.

No var Arbeidardemokratane slett ikkje noko sosialistisk parti. Leiaren Johan Castberg ynskte nok å samarbeide med sosialistane, men det var om ein sosialradikal reformpolitikk. Partiet avgrensa seg mot sosialismen, ikkje minst når det galdt jordpolitikken. Samstundes vart Arbeidarpartiet sett på som ein konkurrent om bygdeveljarane.[4]

I dei første åra stod Arbeidarpartiet på sidelinja i diskusjonane om landbruket og i dragkampen om landbruksbefolkninga. Partiet brydde seg lite om bøndene og jordbruket. Det tok avstand frå tollkrava til Landmandsforbundet og gjekk prinsipielt inn for ei frihandelslinje, men utforma elles ikkje noko eigentleg jordbruksprogram. Partiet førte heller ingen aktiv politikk overfor andre grupper i landbruket. Det vart innført eit jordprogram i 1891 etter mønster frå det tyske sosialdemokratiske partiet. Programmet bygde på eit doktrinært marxistisk grunnlag og kravde oppretting av større offentleg eigde kollektivbruk drevne av jordbruksarbeidarar.[5] Det var nok dette programmet *Landmandsposten* mest hadde i tankane når den utropte sosialistane til bøndenes dødsfiendar. Men programmet avveik også sterkt frå utstykkingspolitikken til Arbeidardemokratane. Det var heller ikkje særleg godt tilpassa røyndomen i det norske jordbrukssamfunnet. Der var sjølveiget godt etablert, utviklinga gjekk i retning av stadig fleire små bruk og der forholda elles låg uvanleg dårleg til rettes for kollektiv stordrift. Edvard Bull skriv at ein sjeldan blir mint om dårlegare samsvar mellom kart og terreng «som når en følger utviklingen av arbeiderbevegelsens jordprogrammer i Norge» på 1890-talet.[6]

Etter fleire framstøytar frå «revisjonstane» i partiet, særleg leidd av Christopher Hornsrud frå Modum i Buskerud, vart programmet endra i 1902. Partiet opna for det sjølveigande enkeltmannsbruket. Det kravde offentleg støtte til dei som ville skaffe seg jord og lyste elles kamp mot «gjælds- og rentesystemets lumske utplyndringer» .[7] Nytt var det også at partiet gjekk inn for å byggje ut samvirket i næringa, m.a. fordi dette kunne vere eit alternativ til stordrift. Året etter gav det full støtte til lova om Arbeidarbruk- og Boligbanken, og gjennom fleire programrevisjonar seinare vart utstykkings- og småbrukarlinja styrka.[8] Det var denne nye programlinja som la grunnlaget for den «raud-grøne» alliansen mellom by- og landsbygdveljarane. Men heilt fram til 1920-talet kvilte det noko uklart og uavklara over jordpolitikken til partiet. Krav om sosialisering av jord og kollektiv stordrift levde med, og vart også på mange måtar styrka gjennom «den nye retning». Programmet som vart vedteke i 1919, la vekt på å utvikle familiebruket og stykke ut jord til jordlause, men gjekk samtidig inn for å sosialisere store eigedomar «samt udyrket og daarlig dyrket jord». Eigedomar «som egner sig best for stordrift» skulle forvaltast av «samfundsmessige organer».[9] Sjølv om partiet i vala auka oppslutninga si på landsbygda, skjedde det heller ikkje noko gjennombrot her i denne perioden. Ein hovudgrunn til dette er sjølvsagt at det var industriarbeidarinteressene som stod i sentrum. Det var i åra etter hundreårsskiftet at partiet for alvor etablerte seg som eit industriarbeidarparti. Spørsmål som galdt landbruket og bygdene stod i bakgrunnen. Partiet fekk likevel eit sterkare organisasjonsmessig fotfeste i bygdene ved opprettinga av Norsk Skog- og Jordbruksarbeiderforbund i 1912. Sjølv om forbundet ikkje vart nokon stor suksess, det vart oppløyst i 1922, la det likevel eit avgjerande grunnlag for at arbeidarane i primærnæringane slutta seg til sosialistane. [10]

Derimot fekk Arbeidardemokratene stort sett ha småbrukarane og småbrukarrørsla i fred den første tida. Det var menn frå dette partiet som, i lag med venstrefolk, stod bak opprettinga av Småbrukarlaget i 1913.[11] «Småbruk» og «småbrukar» var nye nemningar som kom inn i språket etter hundreårsskiftet. Dei kom til å stå for noko meir enn eit lite bruk eller ein liten brukar. Med utgangspunkt i ei oppfatning om at «smånæringane» kunne danne grunnlag for ei særskild (effektiv) drifts-og produksjonsform, vart det konstruert ei ny yrkesrolle. Gjennom den organiserte småbrukarrørsla fekk denne rolla eit ideologisk og politisk innhald. Ved å knyte småkårsfolk i bygdene til jorda, ville ein dempe klassestriden, og leiarane prøvde å framstille den nye rørsla som eit stabiliserande og forsonande mellomledd mellom klassene. Men samstundes ynskte organisasjonen å famne om arbeidarar i landbruket og skogbruket, både dei med og utan jord, ved sida av dei eigentlege småbrukarane.[12]

Alt dette førte til at Småbrukarlaget fekk ei uklar plassering mellom arbeidarrørsla på den eine sida og bonderørsla på den andre. Jamført med t.d. den danske husmannsrørsla, som var ein organisasjon for dei jordeigande småbøndene, fekk det lite gjennomslag. Laget var korkje noko konsekvent tale-

Melkedraaperne.

Tegnet av Jens R. Nilssen.

Hvis bønderne faar lov til at sælge melk i draapevis for en øre draapen er der en svak mulighet for at de blir nogenlunde tilfredse.

Motsetningene mellom arbeiderbevegelsens og bøndenes interesser ble særlig klare under første verdenskrig, da ikke minst arbeiderne fikk merke virkningene av dyrtid, rasjonering og matvaremangel. Flere steder i landet kom det til aksjoner mot bøndene som ble beskyldt for å drive svartebørshandel. Tegning av Jens R. Nilssen i Hvepsen nr. 40, 1917.

røyr for heiltidsbøndene, her spelte elles innslag av georgisme og radikal ekspropriasjonspolitikk ei rolle, eller for bygdearbeidarane. I samanlikninga med Danmark trer ein annan skilnad fram. Her gjekk sosialdemokratane inn i eit politisk samarbeid med Radikale Venstre, søsterpartiet til Arbeidardemokratane og Venstre. Denne alliansen knytte også det danske sosialdemokratiske partiet til husmannsrørsla. Det innebar at partiet nærast tok over programmet

til husmannsrørsla alt i løpet av 1910-talet.[13] I Norge var Arbeidarpartiet lenge i tvil om korleis det skulle innrette seg overfor den nye organisasjonen. *Ein* strategi var å oppmode partifolk om å arbeide i organisasjonen for å få innverknad der, ein annan å opprette ein eigen sosialistisk jordbruksorganisasjon. Ein komite sentralstyret sette ned i 1918 fråråddе å gjere det siste, iallfall i første omgang, og tilrådde at ein først burde prøve å påverke Småbrukarlaget. Dette vart i liten grad følgt opp. Samstundes ville komiteen markere partiets syn ved å gje ut eit eige blad, *Arbeiderbonden*. Dette bladet byrja å kome ut i 1921, men vart eit kortvarig tiltak. Det stoppa ved utgangen av 1922.[14]

Når Arbeidarpartiet i denne perioden i så liten grad engasjerte seg i det som skjedde i landbruket, kan det ha samanheng med meir overordna politiske strategiar og kva for spørsmål som stod sentralt i den politiske debatten. Både i Danmark og i Sverige stod demokratiske og konstitusjonelle stridsspørsmål på dagsordenen heilt fram til krigen, og gav bakgrunn for alliansar mellom sosialistane og radikale borgarlege parti, med fotfeste hos småkårsfolket på landsbygda. I Norge var desse spørsmåla i hovudsak avgjorde alt på slutten av 1800-talet[15] I tillegg kom radikaliseringa i det norske partiet truleg til å spele ei rolle i denne samanhengen.

Eit anna særtrekk ved Norge er stillinga til bonderørsla. Ulikt dei fleste andre europeiske land utvikla både Norge, Sverige og Danmark sterke bonderørsler og bondeparti. Men den norske rørsla skil seg ut ved den sterke stillinga ho tidleg fekk både mellom bønder og småbrukarar. Frå å vere ei agrarrørsle for dei større bøndene, utvikla forbundet seg frå ca. 1910 til å bli ein reell landsorganisasjon med nedslag både i fjell- og fjord-Norge. Programmet vart utvida og inkluderte postar som skulle appellere til dei nye gruppene. Gjennom eit utprega agrarnasjonalistisk og anti-industrielt program, med vekt på bondesamfunnet som kjernen i samfunnet, vart det derimot reist nye forsvarsverk mot arbeidarrørsla. Særleg vart motsetnadane klare under verdskrigen. Landmandsforbundet reiste då kampen for korntoll, som del av eit program om nasjonal sjølvforsyning, og organisasjonen gjekk til felts mot prisreguleringa på jordbruksvarer. Arbeidarrørsla reagerte mot dyrtida og forsyningsvanskane, ho ville skjerpe reguleringane, og fleire stader i landet kom det til aksjonar mot bøndene som vart skulda for svartebørshandel.

Nye linjer - og nye konfliktforhold

I 1920-åra vart vilkåra både for landbruket, landbrukspolitikken og organisasjonane endra. Gjeldskrise og låge produktprisar sette mange av utøvarane i næringa i ein vanskeleg situasjon. Samstundes vart oppslutninga om organisasjonane mindre. Det ramma både bonderørsla, småbrukarrørsla og arbeidarrørsla, og viste at mange i desse åra miste trua på at det nytta å kjempe for betre tider gjennom organisasjonane.

I bonderørsla ramma nedgangen Bondelaget.[16] Men samstundes hadde organisasjonen fødd Bondepartiet og fekk med det eit direkte talerøyr i Stortinget. På 20-talet auka oppslutninga om partiet jamt og sikkert, og nådde

toppen før krigen i 1930 då det hadde støtte frå knapt 16% av veljarane. På 20-talet vart det også bygt opp ei nokså sterk bondepresse med fleire aviser rundt om i landet, i tillegg til hovudorganet *Nationen*. Samla sett innebar dette større politisk innverknad for bonderørsla. Forgreininga mellom partiet og Bondelaget i 1922 resulterte på den andre sida i større kløyving. Det oppstod samarbeidsproblem og ulike syn mellom dei to partane om den politiske kursen, og dei to «greinene» voks noko frå kvarandre. Men dette vart først tydeleg under dei store strategidebattane på 1930-talet.

Det var småbrukarorganisasjonen som fekk dei største vanskane i 1920-åra. Småbrukarlaget var i denne perioden på randa av samanbrot. Motsetningane om programkursen og politiske allianseformer kasta laget inn i ein opprivande indre strid som truga med å pasifisere heile rørsla. Etter 1918, då det vart vedteke eit radikalt georgistisk jordprogram, såg det ut til at Arbeidarpartiet var i ferd med å overta som det sterkaste støttepartiet for laget. Arbeidardemokratane var på vikande front. Det same galdt Venstre i bygdene der Bondelaget stod sterkast. Samstundes erobra sosialistane leiinga i laget. Striden som braut ut i laget, vara i mange år og kom på toppen av andre faktorar som førte til sviktande medlemsgrunnlag. I 1925 vart det vedteke ein gjenreisingsplan som både i program- og allianseopolitikken representerte ei tilbakevending til ei meir nøytral fagpolitisk linje. Tilbakevendinga innebar også at det var folk frå Venstre som igjen erobra leiinga. Det galdt både leiaren, Halvdan Egeberg, og fleirtalet i styret. Men dermed fekk organisasjonen eit vindskeivt forhold til den politiske geografien. Skiftet skjedde paradoksalt nok på eit tidspunkt då Arbeidarpartiet fullstendig erobra det grunnfjellet Småbrukarlaget hadde stått på. Venstres fotfeste i bygdene var i område der organisasjonen hadde liten appell. Sjølv om den interne striden stilna etter 1925, kom heller ikkje kursskiftet til å løyse dei problema laget stod oppe i. Det som redda det frå undergangen var pengestøtte frå staten, sikra i Stortinget gjennom ein koalisjon mellom Arbeidarpar-

Christopher Hornsrud var opprinnelig venstremann, men sluttet seg til DNA i 1890-åra. I sine politiske standpunkter ble han likevel stående mellom Venstre og Arbeiderpartiet. Hornsrud hadde særlig god innsikt i jordbrukspolitikk. I 1900 flyttet han til Kristiania og ble i 1903 formann i DNA. Han flyttet tilbake til Modum i 1906, og ble valgt inn på Stortinget for Buskerud i 1912. I 1928 ble han statsminister i Norges første arbeiderregjering.

tiet, Venstre og Radikale Folkeparti. Gradvis kom også Småbrukarlaget til å tilpasse seg den politisk geografien, og i byrjinga av 30-åra orienterte det seg bort frå Venstre og mot Arbeidarpartiet.

Etter at Landmandsforbundet gjekk over til å bli parti (1920) og skilde ut Bondepartiet (1922), vart det langt viktigare for Småbrukarlaget å ha direkte kanalar til dei politiske sentralinstitusjonane. Det var også mange grunnar for å alliere seg med arbeidarrørsla. Veljarrørslene var, som nemnt, ein av dei. Ein annan var partiets politikk overfor landbruket. Nettopp ved inngangen til 20-åra fekk Hornsrud- og småbrukarlinja eit gjennombrot i Arbeidarpartiet. I valprogrammet i 1921 var det Hornsrud som utarbeidde jordprogrammet.[17]

I 1922 lanserte Eugéne Olaussen ein storstilt jorddyrkings- og bureisingsplan. Planen hadde samanheng med diskusjonen om Komiterns opplegg til ein einskapsfront mellom bønder og arbeidarar, og vekte på det grunnlag debatt i partiet, men den hadde også bakgrunn i at motstanden mot utstykkingspolitikken var på retur.[18] I debatten som førte fram til den nye jordlova av 1928, gjekk såleis partiet svært langt når det galdt offentlege verkemiddel for å stykke ut jord til jordlause og jordtrengjande. Alle som «har evne til å dyrke og drive» jord hadde «rett til å kreve av samfundet å få anvist et stykke jord så lenge det er jord som det er samfundsmessig ansvarlig å stykke ut», heitte det i eit forarbeid til lova. Det medførte at dei som eigde jord «må gjøre sig fortrolig med den tanke å avstå fra sin overflod etter hvert som kravene melder sig». Kor langt ein skulle gå her, var avhengig av jordhungeren. Målet var «saavidt mulig» å opprette sjølvstendige familiebruk.[19] Logikken var at jord i prinsippet kunne stykkast ut så lenge det fanst bruk over middels storleik.[20] Her var det ikkje lenger snakk om stordrift, kollektivbruk eller offentleg eigedomsrett.

Endringa i jordpolitikken til Arbeidarpartiet kan nok ha samanheng med behovet partiet hadde for å markere seg overfor bonderørsla, etter at Bondepartiet etablerte seg i Stortinget, og overfor Småbrukarlaget for å søke innverknad. Men den viktigaste bakgrunnen var den veksande arbeidsløysa. Jordutstykking gjennom nyrydning og ekspropriasjon var krisepolitikk, det fremste verkemiddelet for å setje dei mange ledige hendene i arbeid. Det innebar inga prinsipiell støtte til den gamle småbrukarideologien. Tvert om vart denne ideologien avgjerande svekka av krisene, som nettopp ramma småbrukarane og småkårsfolket på bygdene hardast. Partiet gjorde heller ingen alvorlege framstøytar for å dra Småbrukarlaget til seg. Den offisielle linja frå 1918, å erobre organisasjonen innanfrå, stod nok ved lag, og som nemnt kunne mangt tyde på at ho kunne lukkast. Men synet på organisasjonen var framleis delt, og spørsmålet om å opprette ein eigen organisasjon var framme fleire gongar. Dessutan var det problema i industrisamfunnet, og i arbeidslivet elles, som stod i fokus. I den samanhengen var jordpolitikken eit verkemiddel, og ikkje noko mål. Striden i Småbrukarlaget og den vesle medlemsoppslutninga om organisasjonen freista heller ikkje til å bruke mykje krefter på han. Ved oppbygginga av Norsk skog- og landarbeidarforbund (NSLF) frå 1927 fekk dessutan Arbei-

darpartiet og fagrørsla ein sterk organisasjon i bygdene. I åra framover vart fleire alternativ drøfta med sikte på å styrke banda til bygdene ytterlegare: ei vidare utbygging av NSLF, ein eigen organisasjon for småbøndene, å erobre Småbrukarlaget innanfrå eller byggje ut samarbeidet med laget. Det skulle enno gå mange år før desse spørsmåla vart avklara. Igjen kan skilnaden til Danmark framhevast. I ei tid då Arbeidarpartiet vakla i forhold til småbrukarrørsla hadde det danske partiet eit tett samarbeid med husmannsrørsla der. Sverige mangla ei småbrukarrørsle, men som i Norge hadde det svenske sosialdemokratiske partiet stor oppslutning frå småkårsfolk i bygdene. Samstundes vart det alt frå slutten av 20-åra lagt eit grunnlag for samarbeid mellom dei svenske bondeinteressene og sosialdemokratane som munna ut i «kohandelen» i 1933, det svenske kriseforliket.[21]

I Norge tok det lenger tid før bonderørsla og arbeidarrørsla kom på talefot. Her toppa motsetningane seg mellom dei rundt tiårsskiftet, mellom anna på grunn av «sosialismens» inntog i bygdene, organiseringa av skogs- og jordarbeidarane og dei bitre arbeidskampane i skog- og jordbruk. I bonderørsla breidde det seg ei stemning om at ikkje berre næringa, men heile bondesamfunnet var inni ei avgjerande krise. Det gjorde mange opne for å alliere seg med høgreradikale organisasjonar. Bondelaget var fadder for Arbeidets Frihet og gjekk langt i retning av å byggje opp ein høgreretta front mot sosialismen, og Bondepartiet gjekk inn for ei rekkje arbeidarfiendtlege lover. Bondestanden skulle bli, sa Jens Hundseid i 1933, «den klippe marxismen skal strande på».[22]

Med stiftelsen av Norsk skog og landarbeiderforbund i 1927 fikk både Arbeiderpartiet og fagbevegelsen en sterk organisasjon i bygdene. Forbundet, som fikk sitt hovedsete på Kongsvinger, hadde en rask vekst. Medlemstallet på 780 ved stiftelsen ble tredoblet i løpet av det første året. I 1930 var medlemstallet kommet opp i nærmere 17 000. Verveplakat fra siste halvdel av 1930-åra, laget av Sverre Ørn-Evensen.

Det historiske kompromisset

Kriseforliket i 1935 fortonar seg på denne bakgrunn som politiske rundkast både i arbeidarrørsla og bonderørsla. Men det var mange tendensar, både underliggjande og meir tydelege, som førte fram til dette samarbeidet. Avtalen innvarsla også ein ny fase både når det galdt forholdet mellom landbruket og arbeidarrørsla, og bonderørsla og arbei-

darrørsla. På same tid skjedde det ei nyutvikling når det galdt sambandet til småbrukarrørsla.

Kriseforliket er karakterisert som ein taktisk avtale der Arbeidarpartiet fekk støtte til å regjere mot at Bondepartiet fekk gjennomslag for sine hjartesaker. Men bakgrunnen for regjeringsskiftet i 1935 ligg både i kriseutviklinga som særleg ramma arbeidarane og landbruksbefolkninga, og i den politiske og ideologiske nyorienteringa i begge rørslene. I den politiske debatten fram til regjeringsskiftet stod nettopp jordbruket i fokus. Kriseforliket var i første rekkje eit bygdeforlik. Som historikaren May-Brith Ohman Nielsen skriv, kan det, stilt på spissen, hevdast at Hundseid fekk rett: Bondestanden var den «klippe» marxismen stranda på.[23]

Nyorienteringa i Arbeidarpartiet er inngåande analysert av Knut Kjeldstadli.[24] Partiet utvikla ein ny klasseanalyse som oppløyste det marxistiske klasseomgrepet, og gjorde at det strekte seg mot eit breiare sosialt grunnlag der storparten av bøndene vart inkluderte. Det utvikla eit nytt syn på statens rolle som mellom anna innebar eit tettare samarbeid med organisasjonane i landbruket. Ikkje minst viktig var støtta partiet gav samvirket. Dei nye omsetningsorganisasjonane vart nærast sett på som fagforeiningar og integrert i partiets solidaritets- og rettferdstenking.[25] I strid med den tidlegare vektlegginga på forbrukarinteresser, fekk også den såkalla lønsemdlinja i bonderørsla støtte. I tråd med det skjedde det eit skifte i holdninga til utstykkingspolitikken. Den sosialpolitiske tanken om at alle hadde rett til jord, vart dempa til fordel for meir reine driftsøkonomiske vurderingar. Overgangen vart markert ved at storbonden Hans Ystgaard vart landbruksminster i 1935, ei utnemning som letta kommunikasjonen med bondeorganisasjonane. Enkelte i partiet tok også til orde for å satse på *ein* bondeorganisasjon, som då måtte bli Bondelaget.[26]

Det er eit tankekors at det nettopp var i den perioden då relasjonane til bondeorganisasjonane vart bygt ut, då partiet byrja å slå vrak på utjamningslinja i jordpolitikken, at arbeidarrørsla slutta eit organisasjonsmessig samarbeid med Småbrukarlaget. Dette samarbeidet vart bygt opp gradvis frå 1936/37 og toppa seg i 1939 då landsmøtet i Arbeidarpartiet likestilte laget (saman med Norges Fiskarlag) som fagorganisasjon på linje med resten av fagrørsla. Dei som som stilte seg i spissen for denne utviklinga, var tillitsmenn frå NSLF og partiet i Hedmark, der forholdet til småbrukarorganisasjonen var tettast. Ei truverdig forklaring er at det var Hornsrud-fløyen i partiet som pressa samarbeidet igjennom for å vinne allierte mot «bondelinja» i partiet.[27] Men samarbeidet kunne også ha som mål å dempe kritikken av «bondelinja».

Småbrukarlagets tilnærming til arbeidarrørsla var tydeleg frå byrjinga av 30-åra, og særleg frå 1933 då det skjedde eit skifte i leiinga.[28] Organisasjonen stakk med det ut ein kurs som var meir i pakt med den politiske orienteringa til medlemene. Eit viktig motiv var det også å knyte seg til ei rørsle i vekst. Kursskiftet innebar dessutan at organisasjonen tok opp ein meir aktiv krisepolitikk. Det tette forholdet til Venstre, det fremste «paripolitikk-partiet», hadde i så måte verka pasifiserande. Organisasjonen, som hadde ei svært gjeldsram-

Landbruket

Landbruket er den mest betydningsfulle næringsvei i landet. Foruten at den ernærer næsten $^1/_3$ av landets voksne befolkning er den landets rummelige og velforsynte matkammer. Landbruket ernærer ca. 900 tusen kvinner og menn. Der er ca. 265 000 skyldsatte bruk i landet. Derav er bare 5000 bruk på over 200 mål jord. Produksjonsverdien er ca. 600 mill.

Bankkapitalen er bondens store mare. Foruten renteplyndringen har lånekapitalen gjennem den borgerlige pengepolitikk øket gjeldsbyrden til det 2 à 3 dobbelte og tærer i den grad på bønderne at det driver mange bort fra bruket.

Arbeiderpartiet vil kjempe for gjeldsnedskrivning og rentelettelser og skape den nødvendige kjøpekraft blandt industri- og landarbeidere.

En side av agitasjonsbrosjyren Samfundet. Velgerens opslagsbok ved valget 1933, utgitt av Arbeiderpartiet før stortingsvalget i 1933.

ma medlemsmasse, stod såleis lenge i bakgrunnen når det galdt radikale gjeldsordningskrav. Lagsformannen, Egeberg, kunne så seint som i 1930 forsvare paripolitikken.[29] I åra utetter endra dette seg. Organisasjonen støtta både omsetningsordningane og ikkje minst tiltak mot gjelda, men markerte samstundes avstand til lønsemdkrava frå bondeorganisasjonane. Etter kriseforliket var det dessutan klare taktiskpolitiske motiv bak marsjen mot samarbeidsavtalen: faren for å bli isolert. Det var inga redning i å vende tilbake til Venstre. Under leiing av den fremste jordbrukspolitikaren i partiet, Bø-bonden Neri Valen, orienterte også Venstre seg bort frå utstykkings- og utjamningspolitikken. Utviklinga varsla såleis hardare vilkår for Småbrukarlaget. Eit døme på dette var diskusjonen om jordlovgjevinga. Småbrukarlaget pressa på for å utstyre lova av 1928 med sterkare verkemiddel for å dele jorda mellom dei som ville bli jordeigarar. I Arbeidarpartiet reiste Hornsrud eit liknande framlegg. Men endringa som vart vedteken i 1938, var moderat og kom i liten grad småbrukarkrava i møte.[30] Rett nok opplevde Småbrukarlaget ein sterk vekst i organisasjonen fram mot krigen, men det gjorde også rivalen Bondelaget, som vann tilbake gamal styrke, og kunne skilte med å vere den største «småbrukarorganisasjonen». Som jordbruksorganisasjon hadde også Bondelaget det taktiske overtaket. Medan Småbrukarlaget framleis hadde ei uklar plassering mellom arbeidar- og bondeinteressene, kunne det eintydig stå fram som eit talerøyr for næringsinteressene.

Bondelaget var i åra før siste krig et entydig talerør for næringsinteressene og fikk dermed et taktisk overtak som jordbruksorganisasjon i forhold til rivalen Småbrukarlaget, som fremdeles hadde en uklar plassering mellom arbeider- og bondeinteressene. Plakat for Bondelaget, antakelig fra 1930-tallet.

I bondeorganisasjonane var samarbeidet med Arbeidarpartiet eit langt meir omstridd spørsmål. Hovudskiljet gjekk mellom partiet og Bondelaget. Det var Bondepartiet som spelte hovudrolla, men hadde viktige støttespelarar i samvirkeorganisasjonane. Ein ny tenkjemåte og ei ny røyndomsoppfatning fekk gjennomslag. May-Brith Ohman Nielsen kallar dette overgangen frå «talenes» til «tabellenes» tid. I «talenes tid» rådde «kornidealistane» grunnen. Dei hadde eit romantisk, idealiserande og tilbakeskodande syn på jordbruket og bøndene og la vekt på å framstille dei ideologiske og kulturelle sidene ved «grunnæringa». Bonden var «såman-

nen» og «dyrkaren», ikkje berre i materiell, men også i åndeleg og kulturell forstand, og måtte derfor ha ein framskoten plass i samfunnet. I «tabellenes tid» vart «kornidelistane» avløyste av «melkepragmatikarane» og «kystreformistane». Dei la vekt på konkrete tiltak for å løyse gjeldsproblema og prisfallet i jordbruket. Dei hadde eit meir jordnært og pragmatisk syn på oppgåvene i bonderørsla, og var meir opptekne av mjølkeprisane og økonomisk-politisk reformarbeid enn av ideologien.[31] Ei liknande nyorientering i jordbrukspolitikken skjedde i ei rekkje land både i og utanfor Europa. Det internasjonale prisfallet på jordbruksvarer tvinga gjennom proteksjonistiske tiltak og indre marknadsreguleringar. I Norge var vernet overfor utanlandsk konkurranse for lengst bygt opp. Men rundt tiårsskiftet kom næringa i ein situasjon ho aldri før hadde vore i. For ei rekkje animalske produkt, særleg galdt det mjølka, var marknaden i ferd med å bli fylt opp. Då var det inga hjelp å få frå den gamle toll-linja til Bondelaget. Jordbruket måtte sjå seg om etter andre verkemiddel.

Det er på denne bakgrunn vi må skjøne orienteringa mot Arbeidarpartiet. Dei taktiske grunnane, at det var Arbeidarpartiet som kunne «gje» mest i dei politiske dragkampane fram til 1935, er inga tilstrekkeleg forklaring. Dei to partia kunne møtast i synet på rolla organisasjonane skulle spele, på samvirkeutbygginga, og i synet på den offentlege reguleringa av næringa. Særleg viktig var Arbeidarpartiets støtte til den såkalla lønsemdlinja. Høgre prisar på jordbruksvarer streid mot forbrukarinteressene, men kunne grunngjevast ut frå teorien om at krisa var ei underkonsumpsjonskrise. Høgre prisar var ein føresetnad for å skape større kjøpekraft.[32] Bondepartiet kopla seg raskt til dette synet. Å heve inntektene til bøndene var nødvendig for å auke etterspurnaden etter industrivarer og få vekst i bynæringane. Den nye tenkinga i bonderørsla innebar også ei anna rolle for bonden som gjorde at han nærma seg arbeidaren. Gjennom omsetningsordningane vart alle produsentar ved tvang ført inn i eit organisert samvirke. Det knuste for alltid myten om «den frie bonden», som «kornidealistane» dyrka, og fødde «organisasjonsbonden». Organisasjon vart like viktig for bøndene som for arbeidarane. Det medførde at åtaka mot fagrørsla vart dempa. Vidare kom krava om jamstilling nærast til å sidestille dei to gruppene. Her var det Bondelaget som stod for den grundigaste innsatsen, men først etter at det hadde gått fleire år.

Frå byrjinga av var Bondelaget, med solid støtte av hovudorganet Nationen, sterkt kritisk til forliket med Arbeidarpartiet. Kritikken kom frå leiinga i organisasjonen, i første rekkje frå formannen Johan Mellbye og generalsekretæren Wilhelm Dietrichson, begge føranде «kornidealistar». Dei la også ein dempar på arbeidet med omsetnings- og gjeldsordningane. Kampen mot samarbeidet med Arbeidarpartiet og Nygaardsvold-regjeringa heldt fram like til okkupasjonen i 1940, og leiinga i organisasjonen prøvde heile tida å finne alternativ til den kursen bonderørsla elles hadde slått inn på. Før kriseforliket kom i stand var Mellbye og mennene rundt han ivrige forkjemparar for å opprette ei nasjonal blokk over og på

tvers av partia, og det kom ulike framstøytar i denne retning utetter heile 30-talet. Forhandlingane med Nasjonal Samling hausten 1940, då Bondelaget var på nippet til å underordne seg nazipartiet, kan sjåast på som ein kulminasjon, og endeleg sluttpunkt, for denne linja.[33]

Men alt før den tid var «kornidealistane» i ferd med å resignere. Landbruket sat alt i «socialismens forgård», frykta Dietrichson i 1937.[34] Både han og Mellbye vart gradvis overkøyrde av ein yngre garde som førte organisasjonen inn i «tabellenes tid». I slutten av 30-åra vart det gjennomført fleire utgreiingar om korleis ein ved organisasjonsmakt og reguleringstiltak kunne heve levestandarden i næringa. Det var her jamstellingsdebatten kom inn. Under forsete av Jon Leirfall vart det presisert eit inntektsmål som kom til å dominere den jordbrukspolitiske debatten heilt fram til 1970-åra. Bøndene skulle oppnå ei inntekt som låg på nivå med ei vanleg industriarbeidarløn.[35] Dermed var bonden, til fortviling for Mellbye, definitivt stilt på linje med arbeidaren. Målsetjinga drog også vekslar på den sosial- og velferdspolitiske tenkinga i arbeidarrørsla. Det galdt til dømes programmet om «solidarisk lønspolitikk» som fagrørsla lanserte etter regjeringsskiftet i 1935. Innanfor fagrørsla, og særleg i NSLF, var det også mange som sette låg arbeidsbetaling til jordbruksarbeidarane i samanheng med dårleg lønsemd i næringa. I Sverige gav sosialøkonomen og sosialdemokraten Gunnar Myrdal i 1938 ut ei bok om jordbrukspolitikken[36] som vekte gjenklang i Norge, der han la vekt på å heve velfer-

Utdrag av valgbrosjyre, utgitt av Arbeiderpartiet før stortingsvalget i 1936.

den for jordbruksbefolkninga. Det store fleirtalet levde på «livets skuggsida», og det måtte vere eit rimeleg krav at også «landsbygdens folk» fekk sin «andel i vårt gemensama välstånd och vårt kulturella framåtskridande».[37] På kort sikt skulle dette skje gjennom ymse former for støttetiltak, men på lenger sikt måtte inntektsproblema i jordbruket løysast gjennom planmessige rasjonaliserings- og effektiviseringstiltak. Det siste vart ei framtidslinje både for svensk og norsk sosialdemokratisk jordbrukspolitikk, og eit stort dilemma både for bonde- og småbrukarrørsla. Men grunntemaet i boka, korleis jordbruket skulle løftast opp økonomisk og sosialt, vekte interesse. Myrdal vart til dømes invitert til landsmøtet i Bondelaget i 1939, men svara nei.

Det største dilemmaet for Bondelaget i 30-åra var forholdet mellom nødvendig regulering av produksjon og omsetning, og den statlege innverknaden som dermed kunne bli resultatet. Dilemmaet var desto større pga. skepsisen og mistrua mange hadde til Arbeidarpartiets program om ein «sosialistisk planøkonomi». Kunne dette innebere at Arbeidarpartiet som regjeringsparti førte jordbruket inn i eit system der organisasjonane tapte kontroll og innverknad, og der næringa vart underordna arbeidar- og byinteressene? To motstrategiar vart reiste mot slike farar. Den eine var å konsolidere det sjølvstyret som langt på veg var etablert i det jordbrukspolitiske systemet, slik det var bygt opp frå byrjinga av 30-åra. Marknadsreguleringane kunne berre gjennomførast med heimel i omsetningslova, og Omsetningsrådet, som stod for den praktiske gjennomføringa, var eit offentleg organ. Men heilt frå starten var det dei økonomiske organisasjonane i landbruket som dominerte rådet og styrte arbeidet i det. Dette indre sjølvstyret innanfor lovregulerte rammer, var eit prinsipp bonderørsla vakta vel på. I Bondelaget vart det i slutten av 30-åra gjort framlegg om å føre det vidare. Eit utval foreslo å gå inn for at Stortinget avløyste omsetningslova med ei «in blancolov» som både gav organisasjonane i næringa større makt over næringsutøvarane, og høve til inngrep i omsetninga utan detaljkontroll frå styresmaktene. I tillegg måtte Stortinget gjere prinsippvedtak om full jamstelling, overlate til ein kommisjon å godkjenne dei prisane som då trongst, og følgje opp med «de støttetiltak som viser seg nødvendig».[38] Spørsmålet om statsregulering versus eigenkontroll vart likevel aldri stilt på spissen før krigen, og hovudgrunnen var at regjeringa aldri tok initiativ som på nokon avgjerande måte truga «sjølvstyret» til organisasjonane og Omsetningsrådet. I staden var det frå Venstre, og særleg frå prisdirektør Wilhelm Thagaard, det fleire gongar kom framlegg om å setje organisasjonane og reguleringane i næringa under skarpare offentleg kontroll. Thagaard foreslo til dømes å opprette eit «upartisk offentlig» landbruksråd, utan direkte representasjon frå næringsorganisasjonane, som skulle føre kontroll med jordbruksreguleringane.[39] Framlegget vart ikkje støtta av regjeringa, og tente mest til å halde motsetningane mellom bonderørsla og Prisdirektoratet, og bonderørsla og Venstre ved like.

Den andre motstrategien gjekk ut på å byggje opp organisasjons*makta*. Igjen var det Bondelaget som tok initiativet. I

Hele familien i arbeid under høyonna. Fra et småbruk på Østlandet, siste halvdel av 1930-åra. (Foto: Sverre Ørn-Evensen)

1939 foreslo «maktmiddelnemnda» i laget å innføre «streik», å halde tilbake jordbruksvarer frå marknaden, som verkemiddel for å presse gjennom krav overfor styresmaktene. Dette var starten på det som vart «aksjonsrørsla» etter krigen, og som også så vidt kom til syne alt i 1939.[40] Her kan det trekkjast linjer bakover til åra først på 30- talet, då Bygdefolkets Krisehjelp fekk gjennomslag for ei aksjonslinje hos bøndene. Elles fanst det parallelle utviklingstrekk i Sverige. Men like påfallande var det at Bondelaget no tok opp aksjonsformer som låg nær kampformene i arbeidarrørsla, bygt på prinsippa om solidaritet og kollektiv handling. Dei gamle «korn-idealistane» vreid seg, og hadde vondt for å ta inn over seg dei nye signala.

Den knytta neven Bondelaget her viste fram, stod sjølvsagt i motsetning til den samarbeidsstrategien som låg til grunn for kompromisset i 1935. Den stod også i motsetning til den arbeidsfredslinja som var under utvikling etter regjeringsskiftet i 1935, ei linje som vart styrka under krigen og stod sentralt i arbeidslivet i åra etter 1945, nettopp i den perioden aksjonsrørsla vaks fram for alvor. Men det var grunnar som talte for at bonderørsla kunne få meir ut av ei kamplinje enn arbeidarrørsla. Når arbeidarrøsla gjekk inn for ein samarbeids- og arbeidsfredslinje,

hadde det heilt klart samanheng med at det var representantar for denne rørsla som sat med den politiske kontrollen, og som forplikta seg til ein politikk som tente nettopp arbeidarklassen. Den britiske historikaren Francis Castles snakkar i denne samanhengen om «the virtuous circle», sambandet mellom velferdsordningar, sosialdemokratisk politisk dominans og integrasjonen av arbeidarklassen i det kapitalistiske samfunnet.[41] Bonderørsla stod i ein anna stilling. Ho var ikkje sikra på same måten politisk, og kunne såleis ha behov for å syne fram både den opne handa og den knytta neven.

Inn i den «sosialdemokratiske orden»

Det var særleg etter krigen at desse behova vart påtrengjande. Men korkje bonde- eller småbrukarrørsla hadde noko dårleg utgangspunkt i 1945. Sjølv om realkapitalen i landbruket var noko svekka, var økonomien i næringa styrka under okkupasjonen. Produktprisane hadde auka, både i dei offisielle kanalane, og særleg på den illegale marknaden. Samstundes kunne mange tene gode pengar på attåtarbeid, i skogen, i fisket eller på tyske anlegg. Resultatet var at både inntekter og formue vart kraftig heva. Gardbrukarane korta dermed ned på det inntektsforspranget industriarbeidarane jamt over hadde hatt, og dei kunne stort sett kvitte seg med det gjeldsproblemet som tyngde mange heilt fram til krigen. I 1945 hadde jordbruket ei lågare gjeldsbør enn nokon gong før på 1900-talet. Velstandsveksten førte også til ei indre utjamning i næringa. Relativt sett var det småbrukarane, i lag med jord- og skogsarbeidarane, som kom best ut.[42] Men her var det nok arbeid utanfor bruka som hadde mest å seie. Det innebar også at det var staka ut vegar bort frå jordbruket, vegar som vart breiare og meir farbare etter krigen. Men flukta frå bygdene starta under okkupasjonen.

Også den politiske situasjonen for bøndene hadde sine lyse sider. Fellesprogrammet som alle parti underteikna, slo fast jamstellingsmålet, at det skulle førast ein jordbrukspolitikk som gav næringa «en jevnbyrdig stilling ved siden av andre næringer», og at jordbrukspolitikken skulle føre til ei indre utjamning av livsvilkåra.[43] Mangelsituasjonen under krigen og valutaproblemet etterpå gav elles grunnlag for ei oppvurdering av matproduksjonen. Alt tyder også på at sjølvkjensla og sjølvmedvitet i bondesamfunnet hadde auka. Skort på matvarer hadde demonstrert for alle kor viktig det var å halde oppe eit sterkt jordbruk. Den økonomiske framgangen førte derfor ikkje til at bøndene slo seg til tåls med det som var vunne under okkupasjonen. Alt i 1945-46 byrja mjølkeprodusentar fleire stadar i landet å organisere seg med sikte på å bruke aksjonar for å presse gjennom høgre prisar, og i åra utover fekk denne aksjonsrørsla stadig større oppslutning.

Aksjonsrørsla kom uventa på regjeringa. Ho var også eit brot på «fellesprogramånda», ei norm om at gjenreisningsarbeidet burde skje gjennom samarbeid og kompromiss, ikkje gjennom konflikt og kamp. Dette var ei norm særleg Arbeidarpartiet og regjeringa appellerte til. Men samstundes var det regjeringspartiet som no, med stortings-

fleirtalet i ryggen, sette rammene for samarbeidet, rammer som på fleire måtar truga jordbruksinteressene. Industrilinja vart definitivt etablert og styrte mot eit samfunn der jordbruket kom i andre rekkje. Den sterke vekta på økonomisk vekst stilte samstundes næringa overfor eit effektiviserings- og rasjonaliseringspress, som var truande ikkje minst for dei små gardane. For det tredje medførte utbygginga av det planøkonomiske styringssystemet at næringsinteressene på ein heilt annan måte enn før vart underordna offentleg makt.

Det var ikkje lett i starten korkje for jordbruksorganisasjonane eller bondeinteressene i partia på Stortinget å velje mellom ei samarbeids- eller ei motstandslinje. I 1945 var det heller ikkje klart kva stilling Bondelaget og Småbrukarlaget skulle få som representantar for landbruksinteressene. I 1945 vart dei begge utfordra av dei økonomiske organisasjonane som slo seg saman under eit felles topporgan, Felleskontoret for Landbrukets Omsetningsorganisasjoner, seinare med namnet Landbrukets Sentralforbund. Topporganet var førebudd under okkupasjonen då desse organisasjonane, etter at Småbrukarlaget vart tvangsoppløyst og Bondelaget nazifisert, rådde grunnen åleine. Modellen var Sveriges Lantbruksförbund, topporganisasjon for landbruket i grannelandet og representant for næringa i dei første direkte prisforhandlingane med staten tidleg i 1940-åra. Slik skulle det ikkje gå i Norge. Dels gjennom felles motstand mot denne framstøyten, og dels ved politiske utspel frå regjeringa (og Prisdirektoratet) vart Bondelaget og Småbrukarlaget hovudrepresentantar for jordbruket i kontakten med styresmaktene. Her låg bakgrunnen for opprettinga av Landbruksrådet. Det var eit organ for samordning av interesser mellom dei to organisasjonane, og ein institusjon styresmaktene satsa på i forhandlingane med næringa.

I Småbrukarlaget var det på denne tid visjonar om å ta over som den fremste, ja, kanskje den einaste interesseorganisasjonen i næringa. Vona bygde på dei problema nazifiseringsstriden i 1940 hadde skapt for Bondelaget. Samstundes kasta fortida lange skuggar over Bondepartiet. På denne bakgrunn var det også sterke stemningar i Arbeidarpartiet å satse på småbrukarorganisasjonen. Avtalen frå 30-åra vart nya opp att, og i 1946 starta sentralstyret i partiet ein kampanje for å rekruttere medlemer til laget.[44] Men som før krigen var det skepsis i partiet mot alliansen. Det var lite som tydde på at laget skulle utvikle seg til å bli ein masseorganisasjon. Bondelaget vann att gamal styrke, og etablerte seg dermed på nytt som hovudorganisasjon for gardbrukarane i landet, og sentrale personar i partiet meir enn ymta om at det kunne løne seg å skifte samarbeidspartnar. Gerhardsen gjorde det alt våren 1946 i ein tale på 50-årsjubileet til Bondelaget, og temaet var framme fleire gongar i åra utetter.[45] Småbrukarlagets næringspolitiske program høvde elles dårleg med regjeringas næringspolitikk. Dessutan ville det vere enklare for regjeringa å ha *ein* organisasjon å halde seg til. For Småbrukarlaget vart samarbeidet også eit vanskeleg spørsmål. Det fanst krefter i partiet som støtta småbrukarkrava, men ei sterk binding til regjeringspolitikken skapte reaksjonar nedover i rekkjene.

Dilemmaet var tydeleg under utbygginga av aksjonsrørsla, som Småbrukarlaget tok avstand frå, men som greip sterkt inn i medlemsmassen til laget.

Reaksjonen mot aksjonsrørsla hadde samanheng med den tradisjonelle motstanden i laget mot å leggje einsidig vekt på produktprisar, til fortrengsel for utjamningstiltak. Det hang også saman med at denne rørsla, som i 1946 etablerte seg som ei landssamanslutning, Landbrukets Aksjonskomite, vart integrert i Bondelaget (1947). Aksjonstanken var som vi såg reist av Bondelaget før krigen, men den grodde fram nedanfrå i 1945. No tok bondeorganisasjonen taumane, og dreia med det over mot ei meir markert motstandslinje overfor styresmaktene. I 1945 satsa laget på byggje ut samarbeidet både til regjeringa, sentraladministrasjonen og Småbrukarlaget. Linja vart ført ut i livet av den nye formannen, Arne Rostad. Han var ein av dei som hadde opna for samarbeid med arbeidarorganisasjonane i 1930-åra. Han var ein av dei svært få i bonderørsla som hadde eit nært forhold til direktøren i prisdirektoratet, Wilhelm Thagaard, og han gleid såleis godt inn i den planøkonomiske tenkinga som no fekk eit gjennombrot. Rostad var i det heile godt tilpassa «fellesprogramstemningane». Det vekte også merksemd at det var arbeidarpartimannen Olav Hogna som avløyste den gamle «kornidealisten» Dietrichson som generalsekretær.[46] Men samarbeidslinja møtte aukande motstand i organisasjonen, både i styret og nedover i rekkjene. Motstanden drog næring av fleire konfrontasjonar med styresmaktene om prisspørsmålet, og om tiltak som kunne stoppe den sterke flukta frå bygdene og næringa. På Stortinget vaks det fram ein opposisjon mot næringspolitikken til regjeringa rundt Bondepartiet og Venstre, med delvis støtte også frå Kristeleg Folkeparti og ein bondefløy i Høgre. Konstellasjonane frå 30-åra hadde dermed endra seg vesentleg.

Men i 1940-åra var det uaktuelt for bonderørsla å vende tilbake til ein konfrontasjonspolitikk overfor Arbeidarpartiet og styresmaktene. Velferden til bøndene var avhengig av statstiltak. Like etter krigen då etterspørselen etter jordbruksvarer var større enn det næ-



Etter krigen ble jordbruket vurdert ut ifra hvordan næringen kunne bidra til økonomisk vekst. Jordbruket skulle drives effektivt og rasjonelt og så driftøkonomisk lønnsomt som mulig. Denne AOF-brosjyren fra 1950 er redigert av den tidligere Skog- og Landformannen Johan Ødegaard. Her gjengis blant annet forslagene fra Jordbrukets produksjons- og rasjonaliseringskomité av 1946 og Jordlovkomiteen av 1947 med kommentarer.

ringa kunne dekkje, og det samstundes var stor pengerikdom blant folk, ville det vere mulig å skru opp prisane vesentleg gjennom marknadsmekanismen. Men dette var ingen farbar veg. Gjennom stabiliseringspolitikken, som gjekk ut på å halde eit stabilt prisnivå, kunne auka prisar i hovudsak berre skje gjennom direkte subsidiar. Subsidielinja var etablert ved utbrotet av verdskrigen i 1939, vart halden oppe under okkupasjonen, og altså ført vidare etter 1945. Høge pristillegg representerte dermed ein trussel mot budsjettpolitikken. I neste omgang kunne stabiliseringslinja bli sprengt og føre samfunnet inn i ein galopperande pris- og lønsvekst. Det var desse argumenta priskrava vart møtt med av regjeringa og Prisdirektoratet.

Eit viktig moment kom i tillegg. Dersom jordbruket nådde jamstillingsnivå, ville det bremse den omstillinga frå den lågproduktive primærnæringa til valutainntenande industri som arkitektane i Arbeidarpartiet meinte var nødvendig for å nå målet om vekst og velstand. For jordbruket var dei lange utsiktene meir problematiske i denne samanhengen. Mot slutten av 1940-talet var jordbruket i ferd med å kome i same situasjon det stod overfor rundt 1930. Produksjonen, særleg av mjølkeprodukt, steig over det innanlandske forbruket. Dermed var det nødvendig for jordbruket å ha støtte frå styresmaktene til regulering av produksjon, omsetning og prisar. At også importvernet vart sett under debatt,[47] gjorde ikkje dette mindre viktig. Dermed låg det eit press på alle som representerte jordbruksnæringa til å vere med på å byggje ut det jordbrukspolitiske forhandlingssystemet.

I regjeringspartiet vart det også sett på som viktig å trekkje jordbruksorganisasjonane inn i eit samarbeid. Derimot var det ikkje semje i regjeringa om kor langt ein skulle gå når det galdt å innfri krava som kom. Særleg var finansminister Brofoss skeptisk. Han frykta at dei pristillegga jordbruket faktisk fekk, truga både prispolitikken og behovet for omstilling i næringslivet. Gerhardsen la meir vekt på samarbeid, og på å hindre konflikter. Etter striden om den første ordinære jordbruksavtalen i 1947, som Bondelaget nekta å underskrive, fatta Stortinget det såkalla «jamstellingsvedtaket», eit forlik forma som ei viljeserklæring om jamstelling, og med lovnad om visse verkemiddel for å få det til.[48] Regjeringssjefen hadde godkjent forliket på førehand. Derimot var Brofoss opprørt, og vedtaket var ein av grunnane til at han forlet Finansdepartementet og tok over det nyorganiserte Handelsdepartementet.[49]

«Jamstellingsvedtaket» hausten 1947 er ein viktig bakgrunn for utbygginga av samarbeids- og forhandlingslinja. Ho munna ut i hovudavtalen for jordbruket i 1950. Dette er ein avtale som sette opp rammene for faste forhandlingar mellom næringa, representert av Bondelaget og Småbrukarlaget, og staten, representert ved regjeringa. Inngåtte avtalar var bindande for partane, eit særtrekk ved det norske systemet. Som løyvande statsmakt kunne sjølvsagt Stortinget endre på avtalar. Men det låg i heile opplegget at dette var spørsmål som måtte avgjerast av organisasjonane og regjeringa. Stortinget tok då heller ikkje opp hovudavtalen korkje til behandling eller godkjenning.

Epilog

Med utgangspunkt i hovudavtalen vart det bygt opp eit permanent korporativt avtalesystem som var grunnleggjande for utforminga av jordbrukspolitikken i tiåra utover. Systemet vart gradvis utbygt og fleire og fleire deler av jordbrukspolitikken vart integrert i det, men rammene og reisverket vart sett på plass i 1950. Avtalesystemet kom til å endre situasjonen for rørslene i landbruket, for organisasjonane og dermed også på forholdet til Arbeidarpartiet og regjeringa. Verst gjekk det utover småbrukarrørsla. Dels vart medlemsgrunnlaget sterkt redusert, men dels fekk også organisasjonen identitetsproblem. Han vart meir og meir eit haleheng til Bondelaget, og samtidig vart forholdet til arbeidarrørsla både fjernare og dårlegare. Den faste plassen i avtalesystemet var likevel ein viktig legitimerande posisjon, og ein grunn til at laget overlevde. Men det var Bondelaget som vart den dominerande aktøren.

Gjennom aksjonsapparatet kunne Bondelaget bruke «rørsla» i kampen for betre vilkår i avtalane. Men i slike tilfelle gjekk kommandolinjene mest ovanfrå og nedover. Slik sett kunne integrasjonen av aksjonsrørsla fungere som ei form for disiplinering av opprørske bønder. I ti-åra utover skjedde det også ei forvitring av bonderørsla som sosial rørsle. Organisasjonen vart bygt ut i toppen, og knytte til seg den landbruksfaglege ekspertisen, særleg landbruksøkonomane, ein parallell til sosialøkonomanes posisjon i regjering og sentraladministrasjon. Her kan linjene dragast tilbake til «tabellenes tid». Men det stadig meir innvikla systemet som avtalane omfatta, tente no til å auke avstanden til dei gruppene organisasjonen skulle representere. Det var framleis behov for å bruke Stortinget når prinsipp for jordbrukspolitikken skulle utformast. Men tendensen gjekk i retning av at jordbrukspolitikken vart løfta ut av Stortinget og bort frå den allmenne politiske debatten. Dermed vart også dei politiske partia mindre viktige kanalar. Eit uttrykk for dette var namneskiftet til Bondepartiet som varsla ei orientering bort frå einsidige jordbruksinteresser, etter mønster frå det svenske søsterpartiet. Arbeidarpartiets tilbakegang og tapet av regjeringsmakta i 60-åra førte elles til at behovet for kontakt og samarbeid med dette partiet vart mindre viktig.

Noter

1 Organisasjonen heitte frå starten Norsk småbrukerforbund
2 Ref. i bladet *Frøi* 19/1900
3 *Landmandsposten* 27.7.1900
4 Standardverket om Arbeidardemokratane er T. Aasland, *Fra arbeiderorganisasjon til mellomparti. Det radikale Folkepartis (Arbeiderdemokratenes) forhold til venstre og sosialistene*, Oslo 1961. Sjå også S. Tøsse, *Norsk bonde- og småbrukarlag 1913-28. Bakgrunn og verksemd*, hovudoppgåve Trondheim 1976: 74-81
5 Den grundigaste drøftinga av jordpolitikken i DNA dei første 10-15 åra etter 1887 finst i hovudfagsavhandlinga til Halvard Lange frå 1929 *Fra sekt til parti*. Jfr. utg i 1962: 15, 70-71, 91, 116, 135, 157, 170. Avhandlinga vart seinare omarbeidd og utvida av Lange i H. Koht (red), *Det norske arbeiderpartis historie 1887-1937*, bd. I, Oslo 1937: 75-285
6 E. Bull, *Arbeiderklassen i norsk historie*, Oslo 1947: 179
7 E. Lorenz (red), *Norsk sosialisme. En dokumentasjon*, Oslo 1970: 36-37, doku-

ment 8
8 H. Koht 1937: 51, 89-92, 108; Tøsse 1976: 85ff
9 K. Kjeldstadli, «Arbeider, bonde, våre hære...» Arbeiderpartiet og bøndene 1930-1939, i *Tidsskrift for arbeiderbevegelsens historie* 2/1978: 221
10 P. T. Halberg, *Den stolte sliter. Skog- og landarbeiderne 1900 til 1990 – en kamp for likeverd*, Oslo 1993: 51ff.
11 Tøsse 1976
12 Tøsse 1976: 149ff
13 J. Christensen, Sosialdemokratiet i Danmark 1910-1930, i *Den jyske historiker* 12/1977: 31ff
14 Tøsse 1976: 210ff; H. Koht (red), *Det norske arbeiderpartis historie*, bd. II, Oslo 1939: 225-226
15 Eg byggjer her på den kjende analysen frå 1922 til E. Bull d.e., Arbeiderbevægelsens stilling i de tre nordiske land 1914-1920, i *Tidsskrift for arbeiderbevegelsens historie* 1/1976: 3-27
16 O. Rovde, *I kamp for jamstelling*, Oslo 1995: 225ff
17 Lange 1939: 223-224
18 Lange 1939: 286-287, Tøsse 1976: 216
19 Sitert etter O. Aukrust, *Forelesninger om norsk jordbrukspolitikk*, Del II, 1947: 103-104
20 Aukrust 1947: 104, jf. H. Espeli, *Fra hest til hestekrefter. Studier i politiske og økonomiske rammebetingelser for mekaniseringen av norsk jordbruk 1910-1960*, Ås 1990: 307
21 *Kriser och krispolitik i Norden under mellankrigstiden. Nordiska historikermöte i Uppsala 1974*. Mötesrapport, Uppsala 1974: 188, 268-269
22 Jf. May-Brith Ohman Nielsen, *Jord og ord. En studie av forholdet mellom ideologi, politikk, strategi og mobilisering hos den tredje pol i det norsk partisystemet. Bondepartiet 1915-1940*, doktorgradsavhandling Universitetet i Bergen 1997: 522
23 Nielsen 1997: 522-523
24 Kjeldstadli 1975
25 Jf. her B. Furre, *Mjølk, bønder og tingmenn. Studiar i organisasjon og politikk kring omsetninga av visse landbruksvarer 1929-30*, Oslo 1971: 177
26 Kjeldstadli 1975: 324-326
27 Espeli 1990: 317, note 112
28 Sigvart Gulbrandsen tok over som formann, Andreas Moan som nestformann. Gulbrandsen var venstremann, men melde seg seinare inn i Arbeidarpartiet. I 1946 vart han utnemnd til landbruksdirektør. Moan var stortingsrepresentant for Arbeidarpartiet
29 T. Feiring, O. Rovde, S. Tøsse, *Lat oss rydja og byggja oss grender. Den norske småbrukaren 1913-1988*, Oslo 1988: 89-90
30 Sjå A. Vatn, *Teknologi og politikk. Om framveksten av viktige styringstiltak i norsk jordbruk 1920-1980*, Oslo 1984: 107-110. Jf. Feiring, Rovde, Tøsse 1988: 110-111, og Espeli 1990: 308-312
31 Nielsen 1997: særleg 16ff og 472ff. Uttrykket «talenes tid» er brukt pga vektleggingа av festtalar, sangar, dikt, prologar og symboltunge arrangement (t.d. vardetenning, historiske spel og opptog). Jf. elles Rovde 1995: 317-318
32 Kjeldstadli 1978: 91ff
33 Rovde 1996: 377ff. Det bør understrekast at Dietrichson, i motsetning til Mellbye, var motstandar av forhandlingane med NS
34 Internt notat, datert 26.8.1937, Norges Bondelags arkiv. Jf. Rovde 1996: 356
35 Rovde 1996: 347-348
36 G. Myrdal, *Jordbrukspolitiken under omläggning*, 1938
37 Myrdal 1938: 19-20
38 Sjå Rovde 1996: 358
39 Sjå S. Lie, *Omsetningsrådet gjennom 50 år*, Oslo 1980: 216-217
40 Aksjonsrørsla i jordbruket er behandla av K.H. Roald, *Mjølk som våpen. Aksjonsrørsla i norsk jordbruk 1945-1947*, hovudoppgåve Oslo 1977
41 Francis C. Castles, The social democratic image of society: a study of the achievements and origins of Scandinavian social democracy in comparative perspective, London 1978: 118f Sjå elles S. Tveite, Staten og landbruket i etterkrigstida – næringspolitikk eller sosialpolitikk? i Arbeiderhistorie 1994: 141
42 Rovde 1996: 422f
43 Programmet er trykt i T. Andenæs,

Grunnloven vår, Oslo 1964: 106-110

44 Ref. frå møte i Landbruksutvalet 13.11.1945 og i Sentralstyret 26.11.1945, i Landbruksutvalget 1946, ARK-1001 Det norske arbeiderpartis arkiv, AAB

45 Sjå t.d. ref. frå møte på partikontoret 22.03.1947 og 16.05.1947 i mappe Landbruksutvalget 1947, ARK-1001 Det norske arbeiderpartis arkiv, AAB

46 B. Gjerdåker, *Bygdesamfunn i omvelting 1945-1996*, Oslo 1996: 42-45. Hogna sat i stillinga berre knapt eit år. I 1946 vart han statssekretær i Landbruksdepartementet

47 H. Espeli, *Jordbruksproteksjonisme og handelspolitikk*, 1992: 28ff

48 «Den produksjonsøkning en kan oppnå i jordbruket bør i tia framover i første rekke brukes til styrking av jordbrukets stilling som ledd i jamstillingsarbeidet. Dette arbeidet må fremmes fra år til år, og det må sørges for at jordbrukets lønninger og lønnsevne relativt ikke forverres i forhold til til andre næringer», Innst. S. nr. 187, 1947: 390

49 T. Bergh, *Storhetstid 1945-1965*, Oslo 1987: 137-138. Overflyttinga innebar ikkje at Brofoss slapp taket i prisproblema. Handelsdepartementet vart eit overordna økonomidepartement, og Finansdepartementet måtte finne seg i, som Lie skriv, «at premissene for en stor del av dets virksomhet ble lagt til det nye departementet.» E. Lie, *Ambisjon og tradisjon. Finandepartementet 1945-1965*, Oslo 1995: 106-111